

Årsmelding for Vang historielag 2009

Årsmøtet i 2009

vart halde på biblioteket fredag 13. mars. 21 personar var til stades.

Styret har i meldingsåret vori samansett av:

Harald Olav Jevne - leiar

Inger Sørum - skrivar

Randi Holien - kasserar

Jan Sparstad - styremedlem

Ove Bunde - styremedlem

Varamedlemar til styret:

Andris Kvam og Berit Oldre

Revisorar:

Aslaug Gjevne og Frank T. Jacobsen

Valnemnd:

Katharina Sparstad (leiar), Johannes Kasa og Sigfred Hovda.

Årsmøtet vedtok:

Uendra kontingent (kr. 50,- for einskildmedlemar, kr. 75,- for familie)

Etter sjølve årsmøtet var det kulturelle innslag, først med Nils Rogn som synte lysbildeserien ”Valdres før og no”. Deretter kåserte Sigfred Hovda om presten og vitskapsmannen Johannes Belsheim frå Vang.

Aktiviteten i styret

Styret har hatt 5 møte i meldingsåret. Saker som har vore handsama og arbeidd med er planlegging av diverse sosiale aktivitetar for medlemmar og andre, planlegging av årsmøtet i Valdres Historielag, bokutgjeving 2009, digitalisering av det historiske bildearkivet i kommunen og planlegging av fotoutstilling i biblioteket våren 2010 (Støsliv og slåttarbeid i Vang i gamle dagar), med bilder henta frå bildearkivet. Styret har fått i stand eit godt samarbeid med bibliotekar Åsta Brenna, som har kunnskap om både digitalisering og korleis ein skal handsame gamle bilete for å skape tilfredsstillande utstillingsobjekt av dei.

Arbeid med utsending av informasjon og giroar for betaling av kontingent samt krattrydding på Vangsneshaugen har òg ført saman styret eit par kveldar.

Leiaren og tre av styremedlemene deltok på årsmøtet i Valdres Historielag.

Kva fekk historielaget utretta i 2009?

- ☉ *Løgnt o' løgle* – det einaste i sitt slag i 2009 vart arrangert på biblioteket 22. april.
- ☉ *Vårtur / kveldstur* etter Nørsvinsfjore og innom gamle tufter, bu- og husmannsplassar den 27. mai med Sigfred som kjentmann og turleiar. 30. deltakarar.
- ☉ Vang historielag var vertskap for *årsmøtet i Valdres Historielag* den 6. juni. Årsmøtedeltakarane og alle andre interesserte vart ynskja velkomen til ei minnerik oppleving på Lerhol, der både Knut d.e. og Knut d.y. (Lerhol) heldt føredrag ute i gardstunet. Forsamlinga fekk høyre om Riddarstøga, om slekt og slekters gang på garden

Lerhol og om historiske funn i gravhaugar i området. Traktering av flatbrød og kurv laga av killingkjøt frå garden høyrde også med, likeeins omvisning i Riddarstøga.

Turen gjekk vidare til Vennis og Leinekvernene, der Jan Sparstad orienterte om det dramatiske storskredet i 1860 og om kvernene.

Vel framme i Øye, i det nyrestaurerte kjerrehuset hjå Randi og Endre Holien ynskte Randi årsmøtelyden velkomen og fortalde stolt og glad om gard, grunn, slekt og prosjekt kjerrehusrestaurering. Deilig heimelaga rømmegraut og spekemat vart servert, og årsmøtet vart avvikla på tradisjonelt vis i heilt spesielle og flotte omgjevnader ein vakker og varm førsumardag.

- ☺ *Markering av 100-årsdag for Johannes Belsheim sin død* fann stad laurdag 29. august på Vangsneshaugen og i Thorpe skulehus etterpå. Rundt 30 personar møtte fram for å sjå minnesteinen av Johannes Belsheim, høyre Sigfred kåsere om den kjende og kloke vangsgjeldingen som døyde 15. juli 1909, kose seg med kaffe og vafler og lytte til Jørgen Andrisson Kvam på fele, ordførar Knut Haalien og til Ivar Aars, som også hadde teke med nokre av bøkene Johannes Belsheim skreiv. Nokre av deltakarene besøkte husmannsplasen ”Kvemishaugen” etter samlinga på Thorpe.
- ☺ *Hausttur*, søndag 30. august til det gamle stølslaget Belgen om lag 3,5 km lang vandring frå parkeringsplassen ved Grindatjednet. Frank Jacobsen var guide. Han synte fram fleire dyregraver og tufter etter tidlegare støling, m.a. imponerande høge murar under store bygningar. Stølsdrifta i Belgen var avslutta på 1930-talet, men på Øygardstølen stod dei gamle murane, og selet var bygd opp att med dette utgangspunktet kring 1995. Ingunn og Øystein baud på deilig betasuppe, kaffe og kaker. 11 personar deltok.
- ☺ *Bokutgjeving* – også i 2009! *Farsarven – Gårds- og bygdehistorie fra Vang i Valdres* vart trykt på Valdres Trykkeri og utgjeven først i november. Etterkomar etter forfatarane, Harald Bøe tok på seg å organisere dør-til-dør-sal ved hjelp av ungdomar i ei skuleklasse på VBU. Boka vart trykt i eit opplag på 500 eksemplar.

Vardevandring

663 personar skreiv seg inn i boka på Hugakollen i 2009.

Godtgjersle til styret

I staden for honorar valde styret også i 2009 å ta ein felles middag på Filefjellstuene saman med æresmedlem og heimesideansvarleg samt følgje til alle. Denne trivelege samankomsten fann stad på Luciadagen.

Medlemstal

Pr. 31.12.2009 hadde Vang historielag 101 medlemmar.
Innbetalt kontingent i 2009 var kr. 4 225.-

Økonomi

Pr. 31.12.2009 hadde Vang historielag kr. 158.196,54 på konto.

Vang i Valdres, den 8. mars 2010

Styret